



Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep  
0030 OSLO

Dato: 30.01.2014  
Vår ref.: 2014/10571-1  
Dykkar ref.:

## Belønningsordninga for betre kollektivtransport og mindre bilbruk - Årsrapport frå Bergensområdet 2013

Viser til avtale mellom Samferdselsdepartementet og Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om tilskot av belønningsmidlar. Avtalen slår fast at byområdet skal sende ei årleg rapportering til Samferdselsdepartementet innan 31. januar kvart år i avtaleperioden.

Vedlagte årsrapport inneholder rapportering på bruk av belønningsmidlar i 2013 og plan for bruk av midlar i 2014. Deretter følgjer ei oversikt over gjennomførte tiltak i 2013. Eventuelle avvik frå tiltaksplanen er gjort greie for der det er aktuelt. Siste del viser trafikkta for 2013 i lys av effektmål i avtalen om tildeling av belønningsmidlar.

### Oppfølging av grunnlaget for avtalen om belønningsmidlar

Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og Samferdselsdepartementet inngjekk 20. juni 2011 avtale om belønningsmidlar til betre kollektivtransport og mindre bilbruk i perioden 2011-2014. Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune har gjennom avtalen forplikta seg slik tabellen under viser:

Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune har gjennom avtalen om tilskot av belønningsmidler forplikta seg til å:	Status	
Sende årleg rapportering til Samferdselsdepartementet.	Årsrapport 2013.	✓
Fastsetjing av tiltaksplan for 2011-2014.	Vedteke i fylkesutvalet og byrådet november/desember 2011.	✓
Politiske vedtak om bruk av restriktive virkemidlar innan utgangen av 2011 og lønna om ytterlegare tiltak dersom tiltaka ikkje fører til måloppnåing.	Vedtak om auke av bompengerstakstane, kontinuerleg arbeid for sambruksfelt og brev datert 31. oktober 2012 med stadfesting om ytterlegare tiltak.	✓
Effektmål 1: Den samla biltrafikken i bompengeringen i Bergen skal ikkje auke i avtaleperioden sjølv om befolkninga og/eller talet på arbeidsplassar aukar.	Vil bli oppnådd.	✓
Effektmål 2: Biltrafikken inn mot Bergen sentrum skal i perioder med stor andel av arbeidsreiser reduserast med 5 % i 4 års perioden.	Vil bli oppnådd.	✓

## Måloppnåing

Status for trafikkutviklinga i 2013 viser ei positiv utvikling jamfør effektmål 1 og 2. Bergen har, for første gang i avtaleperioden, ein reduksjon i den samla biltrafikken i bompengeringen. Trafikktaala viser at nytt takst- og rabattopplegg i bompengeringen har hatt ein effekt.

### Effektmål 1:

*Den samla biltrafikken i bompengeringen i Bergen skal ikkje auka i avtaleperioden sjølv om befolkninga og/eller talet på arbeidsplassar aukar.*

Jamfør effektmål 1 viste tala for 2012 at over 5000 «for mange» bilar passerte gjennom bompengeringen dagleg. I 2013 er det talet redusert til 3836. I juli 2013 vart takstane i bomringen i Bergen vesentleg auka. I andre halvdel av 2013 er biltrafikken 3% lågare enn i andre halvdel av 2012. Om bompengeauken hadde blitt innført 1. januar 2013, som føresett, og trafikkreduksjonen hadde vore 3% på årsbasis, ville ÅDT talet for 2013 blitt om lag 142 360. Det er ein auke på berre 0,5 % frå 2010.

### Effektmål 2:

*Biltrafikken inn mot Bergen sentrum skal i periodar med stor andel av arbeidsreiser (rushtida) reduserast med 5 % i 4 års perioden.*

Bompengeauken i juli 2013 har også hatt ein effekt på den sentrumsretta rushtrafikken og effektmål 2. Sentrumsretta YDT i rushtida i andre halvår 2013 er 3 % lågare enn i andre halvår av 2012. Om bompengeauken hadde blitt innført 1. januar 2013, som føresett, og trafikkreduksjonen hadde vore 3 % på årsbasis, ville YDT talet for 2013 blitt om lag 13 406. Det er ein reduksjon på ca. 4,4 %.

Talet på påstigningar på buss og bane i 2013 er dverre ikkje klar før i midten av februar og tala må difor sendast i etterkant av sjølve årsrapporten. Årsaken til forseinkinga er at talet på påstigningar, slik dei vert registrert gjennom billettdata, er usikre. Dette kan forklaraast gjennom auka bruk av nye salskanalar, som t.d. mobilbillett, samt manglande validering. For å få oversikt over det riktige talet er det difor gjennomført passasjerteljingar i stor skala på både Bybane og buss. Arbeidet med å justere tala, basert på gjennomførte passasjerteljingar, er venta å vere ferdig i midten av februar. I tillegg er arbeidet med ferdigstilling av den regionale reisevaneundersøkinga (RVU) i sluttfasen. Viss RVU tala er klare til same tid som kollektivtala, vil dei inngå i oversendinga i midten av februar.

## Forventa utvikling i 2014

Vedlagte årsrapport viser det samla arbeidet som vert gjort i Bergen for å sikre ei utvikling i transportarbeidet der kollektivtransport, sykkel og gange vert styrka til fordel for privatbilen. Årsrapporten gjer og greie for bakgrunnen for tiltak i tiltaksplanen som ikkje er realisert. Sambruksfelt på hovudinnfartsårene og miljødifferensierte bompengesatsar/lågutsleppssone er sentrale døme på slike tiltak. Arbeidet med å sikre ei realiseringa av desse tiltaka held fram i 2014.

Samla sett vert det vurdert at planane for 2014, med omsyn til realisering av gjeldande tiltaksplan og fokus på å få gjennomført resterande restriktive tiltak som t.d. sambruksfelt, i sum vil føre til ein ytterlegare reduksjon av biltrafikken i 2014. Det vert m.a.o. ikkje vurdert som naudsint å revidere tiltaksplanen for å sikre måloppnåing i avtaleperioden no, jf. brev datert 31. oktober 2012.

Etter vår vurdering har Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune, med oversending av årsrapport for 2013, oppfylt vilkåra for utbetaling av avtalte tilskot for 2014.

Ver vennlig å ta kontakt med rådgjevar Marte Hagen Eriksrud (Marte.Eriksrud@hfk.no) dersom det skulle vere behov for ytterlegare opplysningar og informasjon.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Marte Hagen Eriksrud  
Rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg: Årsrapport 2013

Kopi til:

Bergen kommune v/ byrådsavdelingen for byutvikling, klima og miljø Postboks 7700